

WA

VENSTREALLIANSEN

Politisk plattform 2022/2023

Våre hovedpunkt:

1. Bedre økonomi for studentar

Det må på plass brede tiltak for å bedre studenters økonomi. Pensum må bli gratis på UiB gjennom eksempelvis en låneordning. Studiestipendet må økes. Studentboliger må bli billigere.

2. Klima og miljø

UiB må holde sitt løfte om å være klimanøytralt innen 2030. Bruk og kast under oppussing skal reduseres. Sammen må Co2-merke sine mattilbud, samt tilby bedre vegetar og vegansk mat.

3. Helse

Utvide UiB og Sammens helsetilbud, med særlig fokus på billigere tannhelse og et styrket psykisk helsetilbud, samt gratis prevensjon til studentene.

Innhold

| | |
|--|----|
| Arbeids- og læringsmiljø | 3 |
| Digitalisering | 4 |
| Praksis | 5 |
| Pensum | 5 |
| Utveksling | 6 |
| Opptak | 7 |
| Eksamen | 7 |
| Finansiering | 8 |
| Velferd: | 8 |
| Studiestøtte | 8 |
| Studentbustadar | 9 |
| Kultur | 10 |
| Studie og arbeid | 10 |
| Miljø: | 11 |
| Oljefritt og klimanøytralt akademia | 11 |
| Kollektivtilbod og transport | 12 |
| Helse: | 12 |
| Likestilling og mangfald: | 13 |
| Solidaritet: | 14 |
| Trivnad: | 15 |
| Fadderveka: | 15 |
| Anna: | 15 |

Utdanning:

Arbeids- og læringsmiljø

- UiB skal ha som målsetjing at alle fag skal være opne, så lenge dette ikkje kjem på kostnad av studentane på studieprogrammet og formelle opptakskrav. Målet er å auke fokuset på tverrfaglegheit på UiB.
- Alle skal ha ein vitsskapeleg tilsett, eller student med relevant kunnskap og erfaring til studiet som mentor, men dette skal ikkje gå ut over talet på mellombels tilsette.
- Det er avgjerande for eit demokratisk UiB, at studentane kan delta i fritt val av rektor. Studentparlamentet må vere ei klar røyst for å sikre dette.
- Universitetsbiblioteket er ein viktig ressurs for både studentar og tilsette. UiB må auke budsjettet deira for å ta vare på, så vel som styrkje vidare drift.
- Akademisk skrivesenter må innførast att, og Universitetsbiblioteket burde ha hovudansvar for prosjektet.
- Kutta i dei forskjellige faga må stoppast. Universitetet kan ikkje kutte i budsjetta på kostnad av studentane sitt faglege tilbod.
- Førelasar må gi beskjed dersom førelesinga skal omtale tematikk som lett kan vere utløysande for traume hos enkelte studentar. Ei melding om slik sensitiv tematikk må leggjast ut på Mitt UiB seinast éin dag før førelesinga skal haldast.
- UiB bør etablere ei ordning for at studentar som ynskjer å publisere akademisk, skal kunne få fagleg støtte til dette.
- Vi vil arbeide for at studentarbeidsplassane (f.eks. lesesalar og atelier) skal vere døgnopne, og at dette skal kunne gjennomførast utan kameraovervaking.
- Alle fakultet skal ha tilgang til alle lesesalar.
- UiB må sørge for at det er tilstrekkelege studentarbeidsplassar, og at desse arbeidsplassane skal vere universelt utforma og liggje i livssynsnøytrale lokale.
- UiB må sørge for ein jamn, god standard når nye studentarbeidsplassar vert bygd. Eksisterande studentarbeidsplassar må renoverast for å nå eit tilfredsstillande nivå.
- UiB må sikre at alle undervisningslokale og grupperom skal ha tilstrekkeleg straumtilgang, slik at studentar kan lade PC-ar og anna elektronisk utstyr som vert brukt.

- Vi vil arbeide for at alle masterstudentar får tilbod om fast leseplass.
- Alle mastergradsstudentar burde få tilbod om rettleiing av ein vitsskapeleg tilsett om korleis å søkje om doktorgradsstilling.
- UiB må sørge for god luftkvalitet og inneklima på alle universitetet sine undervisningslokale og studentarbeidsplassar.
- Fakulteta skal ha datamaskinar tilgjengeleg for studentane.
- Fakulteta skal ha datamaskinar tilgjengeleg for utlån for opptil ein månad av gongen.
- UiB må følgje opp seminarleiarane på meir konsekvent retting av oppgåver og innleveringar.

Digitalisering

- Som eit minstekrav bør UiB sørge for opptak og publisering av førelesingar som opptak, så raskt som mogleg. Når digitalisering skjer må det vere til fordel for studentane.
- PowerPointar og førelesingsnotat som vert brukte under førelesingar må leggjast ut dagen før førelesinga.
- Programvare til studiet skal vere gratis.
- På sikt bør UiB jobbe for ei sikker løysing der ein kan kome seg inn på UiB sine lokale med til dømes mobil eller smartklokke.
- UiB skal sørge for at Mitt UiB-appen vert oppgradert og meir brukarvennleg, og at webversjonen skal ha eit betre mobilgrensesnitt.
- UiB må syte til at det blir skipa ein ny MittUiB-app til mobil snarast. Appen må vere brukarvennleg og fungere godt.
- UiB må sikre at professorar har oppdatert kunnskap om digitale løysingar.
- UiB må utarbeide ein plan for framtidige kriser, som blant anna omfattar digital undervisning, alternative eksamensløysingar og dei tilsette si stilling.
- Digital undervisning som erstattar fysiske opplegg skal tilpassast slik at det gjev like godt utbyte.

Praksis

- UiB må sørge for bedre informasjon til studentane om praksismoglegheiter under utdanning.
- Praksisplassar som ikkje gjev studiepoeng skal ikkje marknadsførast på UiB sine lokale.
- Alle som har praksis som ein del av sitt studieløp, skal sikrast ein fagleg relevant praksisplass.
- Greie ut om moglegheita for at ansvarsverv i studentorganisasjonar utan løn kan gje studiepoeng.
- Utgifter knytt til praksis under utdanning skal dekkast av UiB.
- Praksis under utdanning skal gje studiepoeng slik at alle studentar har like moglegheiter til å skaffe arbeidserfaring under utdanninga, uavhengig av økonomisk situasjon.
- Det må bli skapt fleire praksisplassar, både nær studiestaden og utanbys, for å gje alle studentar moglegheiter til å tileigne seg relevant arbeidserfaring under utdanninga.
- Det skal vere mogleg å ta eit heilt praksissemester, slik at ein ikkje må ta fag ved sida av praksis.

Pensum

- Alt pensum på UiB bør vere gratis. Dette skal oppnåast gjennom at UiB arbeider opp mot regjeringa for støtte til dette, samt å arbeide for å etablere avtalar med leverandørar som gjer dette mogleg.
- Gratis pensum kan gjennomførast som ei låneordning slik som det er ved vidaregåande opplæring.
- UiB skal garantere at all pensumlitteratur er tilgjengeleg frå semesterstart.
- Vi vil arbeide for å få stans på UiB si ukritiske støtte til Akademika som universitetet sitt einaste bokutsal.
- Alt pensum på UiB bør vere tilgjengeleg digitalt. Bøker skal også vere tilgjengelege fysisk.

- Universitetet i Bergen skal ikkje la seg styre av private forlag. Oppdatert pensumlitteratur utan store endringar skal kunne sidestilla med tidlegare versjonar i emne kor dette lar seg gjere og/eller er hensiktsmessig.
- UiB bør sørge for at E-bok avtalar er kompatible med textpilot eller andre liknande opplesingshjelpemiddel. Eit slikt tiltak vil vere til stor hjelp for studentar som har til dømes dysleksi.

Utteksling

- Vi vil styrkje Students At Risk-ordninga for å sikre akademisk fridom til studentar.
- UiB skal ha tilbod om norskkurs til både internasjonale- og utvekslingsstudentar. Kapasiteten på norskkursa bør aukast.
- Vi vil styrkje Buddy-ordninga for utvekslingsstudentar, samt gjere ho meir synleg.
- Avgrensinga på kor mykje utvekslingsstudentar kan arbeide er i strid med grunnlova §110 og må fjernast. («Dei statlege styresmaktene skal leggje til rette for at kvart arbeidsføre menneske kan leve av arbeidet sitt eller næringsverksemda si. Den som ikkje sjølv kan forsørge seg, har rett til støtte frå det offentlege.»)
- Prisen på studentvisum må reduserast vesentleg. Kravet om eigenkapital må fjernast.
- UiB må jobbe for meir og betre utveksling til UiB, også frå utanfor EU/EØS.
- UiB bør sørge for betre informasjon om sine utvekslingsavtalar.
- UiB må ha større breidde i sine utvekslingsavtalar, og dei skal dekkje alle fagområde. Utvekslinga skal gje eit fagleg relevant utbyte.
- I tråd med gratisprinsippet, må utvekslingsstudentar få lån og stipend frå Lånekassen på lik linje med norske studentar.
- Studentane skal få informasjon om klimautslippa knytt til utveksling slik at dei kan ta bevisste val om kor dei skal dra. UiB skal leggje til rette for klimavennlege reiser for studentar.
- UiB skal gi støtte til studentar som ønsker å reise til utvekslingsstaden på ein klimavennleg måte.

Opptak

- Vi vil jobbe for å utvikle ei meir rettferdig ordning for opptak til høgare utdanning. UiB må setje i verk forskings/prøveprosjekt for å sikre ei rettferdig opptaksordning.
- Det burde vurderast tiltak for å sikre mangfald i kjønn, sosioøkonomisk og fleirkulturell bakgrunn og representativitet frå heile landet, på alle studieprogram.

Eksamen

- Eksamensforma bør gje studentane moglegheita til å vise kva dei kan. Vi vil derfor auke bruken av varierte vurderingsformer, som heimeeksamen, munnleg eksamen og mappevurdering, og jobbe for å minimere bruken av ordinære skuleeksamenar. Sensor kan også opne for alternative innleveringsmetodar som opnar for bruk av videoar og/eller lyd.
- UiB burde jobbe for å gje tilbod om munnleg eksamen, så langt det lar seg gjere, til studentar med lese- og skrivevanskar.
- UiB skal sørgje for automatisk skriftleg grunngjeving på eksamenskarakterar.
- UiB burde forbetre informasjonen om søking til ekstratid, denne informasjonen skal innehalde korleis ein søkjer, fristen for å søkje og kven som kan søkje. Informasjonen kan bli gjort tilgjengeleg gjennom eit dokument på Mitt UiB. På denne måten er ein sikker på at informasjonen når fram.
- Utdanningsinstitusjonane må gje studentane moglegheit til å velje å ta opptak av munnleg eksamen, for å gi studentane moglegheit til å klage.
- Det bør innførast ein bot mot forsinka sensur på minst 500 kroner for kvar dag kvart enkelt eksamenssvar går over sensurfristen, som skal betalast av UiB. Desse midla skal gå tilbake til studentane sitt læringsmiljø.
- UiB må vurdere behovet for karakterar i visse fag.
- UiB må starte ein gjennomgang av sensurordninga, og prøve andre system for meir nøyaktig sensur. UiB skal ikke gå inn for en to-sensurordning med mindre det er en finansieringsplan fra regjeringens side.

Finansiering

- Privat finansiering innan forskning medfører etiske utfordringar som krev grundig gjennomgang. UiB må setje verdien av forskning som fri og sjølvstendig høgt, og halde seg til forskingsetiske retningslinjer uttalt av de nasjonale forskingsetiske komitéene.
- Tilgang til forskning skal vere gratis, derfor vil vi arbeide for auka bruk av Open Access, Open Science og Open Learning.
- Vi vil arbeide for ein finansieringsmodell som legg mindre fokus på studiepoengproduksjon, og meir fokus på basismiddel, altså at ein får pengar uavhengig av kor mange studiepoeng som vert fullført.
- UiB sine budsjett skal vere transparente slik at ein kan ettergå kva pengane brukast til.

Velferd:

Studiestøtte

- For å sikre heiltidsstudenten må studiestøtta aukast til 2,5 G av grunnbeløpet i folketrygda.
- Vi vil kjempe for 12 månaders studiestøtte med ein stipenddel på 75 %.
- Stipenddelen i reisestøtta til utanlandsstudentar burde aukast til nivået før 2017, frå 35% tilbake til 70%.
- UiB må gje informasjon om moglegheita til å søkje ekstra stipend for studentar med nedsett funksjonsevne.
- UiB må informere om moglegheiten til å søke pengar frå Saman Helsefond for å få dekt eigenandelen til psykologtenester, tannskadar og transport ved helseproblematikk.
- Det må bli etablert eit fond for å gi økonomisk støtte til studentar som har behov for medisin eller behandling knytt til kronisk tilstand.
- UiB må jobbe for å reversere kutt i stipendordninga for studentar som ikkje fullfører grad.

- Studentar med barn må sikrast permisjonsrettar og dei må få betre studiestøtte enn dei har i dag. Vi må arbeide for å behalde og styrkje tilbodet i studentbarnehagane, samt å behalde Saman sine eksisterande, fleksible inntaksordningar gjennom heile året.
- UiB må ta omsyn til valutakurs når dei deler ut stipend, og vere oppdatert på dette undervegs i opphaldet.

Studentbustadar

- Vi vil halde fram med kampen om fleire studentbustadar i Bergen, som må byggjast i og rundt sentrum. Studentbustadar er viktig og enkel sosial bustadbygging som kjem alle leigetakarar i Bergen til gode, ikkje bare studentane. Studentbustadar bør vere nære institusjonane og fakulteta.
- Gamle studentbustadar bør pussast opp. Alle leilegheiter med mugg må renoverast på augeblikket. Dette burde gjerast utan bruk av unødvendige kjemikalium, og med fokus på berekraft og gjenbruk av materiale. Oppussing av bustadane skal ikkje kome på buarane si rekning.
- Husleiga for studentbustadar skal reduserast.
- Jussformidlinga må oppretthaldast, og må få støtte til å hjelpe i leigesaker. UiB må bidra til å utarbeide leigetakartips, som vert formidla til nye studentar når dei mottar inntaksbrev og i løpet av første veke på studiet.
- Vi vil arbeide for å skaffe studentar ei rettshjelpsordning slik at dei kan ta utleigesaker til retten.
- UiB sine bygg som ikkje lenger vert brukte, må gjerast om til studentbustadar, lesesalsplassar eller andre arenaar som kjem studentane til gode.
- Internasjonale studentar må busetjast med andre UiB-studentar i og rundt sentrum for å styrkje inkluderinga.
- Det må sikrast gode, varierte fellesområde som studentarbeidsplassar og multimediarom i studentbustadane.
- Under oppussing og bygging av studentbustadar skal bebruarane få vere med på å bestemme utforming av desse, særleg med tanke på sosiale møteplassar. Studentane sine ynskje skal vege tungt i denne prosessen.

Kultur

- Vi vil arbeide for ei auke i middel til Kulturstyret.
- Vi vil arbeide for meir rettferdig omfordeling av semesteravgifta.
- Vi vil arbeide for tydelegare rammevilkår for utdeling av middel til studentorganisasjonar.
- Vi vil arbeide for at fordelinga av middel mellom studentmedia er rettferdig og proporsjonal.
- Vi vil arbeide for samarbeid mellom KODE og UiB, slik at gratis tilgjenge for studentar på torsdagar vert innført att.
- Vi vil arbeide for tett samarbeid med kulturaktørar i kommunen for å få innført studentrabatt på alle kulturarrangement. Det bør forsøkast å få til ei ordning med kulturkort for studentar.
- Vi vil arbeide for å utvikle og utvide Det Akademiske Kvarter sin bygningsmasse slik at området rundt Kvarteret blir et aktivt og levande studentområde.
- Dersom Kvarteret ynskjer dette, bør driftsoverskotet frå Studentparlamentet donerast til eit fond for utviding av Det Akademiske Kvarter.
- Vi vil arbeide for at Bergen kommune skal anerkjenne den viktige jobben studentkulturen gjer for Bergen som kulturby ved å gi økonomisk støtte til studentkulturen. Kommunen bør etablere eit eige fond for studentkulturen.
- Vi vil arbeide for at det er tydelegare retningslinjer og informasjon om korleis engasjerte studentar kan etablere studentforeiningar.
- Vi vil arbeide for at UiB og Bergen Kommune stiller utstillings- og øvingslokale til disposisjon for studentar og organisasjonar som treng dette.
- Vi vil sørge for betre internettdekning og -kapasitet der studentorganisasjonane held til.

Studie og arbeid

- Vi vil arbeide for at studieprogresjon skal gje pensjonspoeng.
- UiB skal arbeide for auka fagforeiningsorganisering blant studentar, gjennom rådgiving og promotering av dette.
- UiB må samarbeide med kommunen og fylket om å redusere arbeidsløysa blant ferdigutdanna. Her må det iverksettes tiltak på fleire plan, både på universitetet, og på lokalt og nasjonalt nivå.

- UiB må sørge for tidleg rådgiving om poststudierett.
- Saman må sørge for at det er stellebord på fakulteta, helsestasjonar og Studentsenteret.
- Ufaglærte stillingar ved universitetet bør prioriterast til studentane.

Miljø:

Oljefritt og klimanøytralt akademia

- UiBs fremste miljøbidrag er gjennom forskning og formidling. Derfor må miljø- og klimaforskning prioriterast.
- Saman burde innføre CO₂-merking av all mat i kantina.
- Dyreforsøk skal unngåast der det er mogleg å erstatte bruken av levande dyr med andre alternativ.
- UiB må seie opp Equinoravtalen for å sikre eit oljefritt akademia.
- Studentparlamentet bør støtte Naturvernstudentane sitt arbeid.
- UiB skal være eit føregangsuniversitet på miljøutdanning, bl.a. ved å tilby tverrfaglege miljøemne.
- UiB bør sørge for at tilsette bestiller togreiser framfor fly når dei skal på jobbreiser.
- UiB skal ha karbonprising for tilsette som bestiller miljøfiendtlege transportmidler når dei skal på jobbreiser. Avgiften vert trekt frå den tilsette si lønnsutbetaling.
- UiB burde gå konsekvent inn for å berre bruke ubleikt papir ved printing.
- Saman bør fase ut bruken av eingongsmateriell.
- Saman-kantina bør ha eit mykje større fokus på vegetariske og veganske tilbod. Samankantina bør ha auka fokus på allergivennleg, grøn og miljøvennleg mat, samt merking av mat ut av religiøse omsyn (kosher, halal etc.).
- NSO bør leggje vekt på miljø og ikkje EuroBonus ved bestilling av reiser.
- Ved restaurering eller bygging av studentbustadar skal det stillast høge miljøkrav, og staten må sikre at denne rekninga ikkje vert sendt til studentane gjennom auka leigeprisar.
- UiB skal innføre fleire digitale konferansar/møte, og minimere behovet for reising.

- Der det vert servert mat på arrangement og møte i regi av UiB skal denne maten som utgangspunkt vere vegetarisk, slik at deltakarar aktivt må velje kjøtt dersom dei ynskjer det.
- Det skal bli etablert fleire miljøstasjonar der studentar bur, både rundt studentbustadar og andre studenttette områder.

Kollektivtilbod og transport

- NSO bør sørge for at det er mogleg for medlemmar å bestille togreiser gjennom sin reiseleverandør.
- Ei bysykkelordning i Bergen må vere godt tilrettelagt for studentar med sykkelstasjon nær alle fakultet og studentinstitusjonar. Kapasiteten på ordninga må aukast.
- Vi vil jobbe for fleire parkeringsplassar til sykkel. Sykkelpumpe med trykkluft bør installerast på sykkelparkeringane. Vi vil også sjå på moglegheita for ei låneordning på sykklar, i regi av Saman.
- UiB og Saman må arbeide for studentrabatt på enkeltbilletter hos Skyss. Vi vil arbeide for 50 % studentrabatt på kollektivtrafikk i Bergen og i resten av fylket. Studentrabatten må gjelde uavhengig av alder.
- Vi vil arbeide for samarbeid mellom UiB og Bysykel, slik at studentar kan få gratis bruk av syklane.
- UiB bør forsøke å etablere ein studentrabatt hos Vy og annan kollektivtransport.
- Vi vil jobbe for opprettinga av eit nasjonalt studentkort.

Helse:

- Universitetet må arbeide for ei likestilling av psykisk og fysisk helse. Undervisninga må leggjast til rette for studentar som ikkje kan møte til førelesing.
- Vi vil arbeide for gratis prevensjon til alle studentar, blant anna ved at Saman refunderer utgifter til prevensjon. Saman må arbeide for å få studentar til å velje dei tryggaste alternativa.

- Eit helsehus for studentar må etablerast i sentrum, som skal sikre eit heilskapleg helsetilbod for studentane. Eit helsehus vil vere med på å styrkje både psykisk og fysisk helse. Ved registrering skal det vere opent for ein tredje kjønnskategori.
- Vi vil arbeide for stressreducerande tiltak for studentar på fleire fakultet, blant anna gjennom å støtte auka bruk av terapidyr gjennom heile året. Saman må betre promotere eigne tilbod, spesielt i byrjinga av studiet, samt under eksamenstida.
- Vi vil arbeide for eit vesentleg sterkare tilbod på psykisk helse for studentar. Ventetida skal ikkje vere over to veker.
- Saman må promotere sine kurs betre enn det dei gjer i dag. Kursa må forbeholdast og utvidast, og det må jobbast for fleire tilnæringsmetodar til problemløysingar på alle område.
- UiB burde forbetre informasjonen om rettane til studentar med nedsett funksjonsevne.
- Vi vil jobbe for å forbetre tannlegetenesta til Saman, og å få redusert prisen for studentane.
- UiB bør tilby alle studentar gratis influensavaksine.

Likestilling og mangfald:

- UiB bør ha ein målretta strategi for å sikre høgare kvinnedel blant vitskapelege tilsette. Eit viktig verkemiddel er kjønnskvotering.
- UiB treng ein målretta strategi for å rekruttere studentar og tilsette med ulik sosiokulturell bakgrunn.
- Delen kvinnelege forfattarar på pensum må opp. Det burde liggje føre særskilde grunnar til at det ikkje er kjønnsbalanse.
- Det bør leggjast til rette for at fleire kvinnelege vitskapeleg tilsette får moglegheita til å skrive lærebøker.
- Vi vil arbeide opp mot universitetsstyret for at UiB skal anerkjenne kjønnsvariasjon.
- Vi vil arbeide for kjønnsbalanse blant studentar i ulike fagdisiplinar. Eit godt verkemiddel for utjamning av kjønnsbalansen kan vere kjønnspoeng. Dette gjeld alle kjønn.

- Hovudregelen ved UiB bør vere faste stillingar, mellombelse stillingar bør vere eit unntak.
- Vi skal arbeide for å innføre fleire kjønnsnøytrale toalett, på alle UiB og Saman sine bygg og fasilitetar.
- Det skal vere gratis sanitetsprodukt tilgjengeleg på alle toaletter.
- UiB må arbeide for å betre universell utforming på alle UiB sine bygg.
- Vi vil arbeide for tilpassa vurderingsformer for studentar med behov for tilrettelegging.
- UiB må sørge for eit meir mangfaldig pensum basert på sosioøkonomisk, kulturell og etnisk bakgrunn.

Solidaritet:

- UiB må ta ei aktiv rolle i integreringa, blant anna gjennom å sørge for auka godkjenning av høgare utdanning samt redusere ventetida på denne.
- Studentparlamentet og UiB skal vere ei tydeleg røyst i forsvaret av gratisprinsippet, både nasjonalt og internasjonalt.
- UiB må jobbe for å styrkje akademisk fridom, bl.a. ved å ta inn fleire professorar gjennom Scholars at Risk-ordninga.
- Vi vil arbeide for at UiB sine samarbeidspartnarar overheld og respekterer menneskerettane. UiB bør innføre strenge tiltak for å oppnå dette
- Akademisk boikott av Israel fram til blokaden av Gaza er heva.
- Akademisk boikott av Marokko fram til okkupasjonen av Vest-Sahara vert oppheva.
- Venstrealliansen oppfordrar til solidaritet hos faste tilsette med mellombels tilsette, og vil arbeide for å opplyse om korleis ein saman kan arbeide for gode arbeidsvilkår for alle.
- UiB bør ikkje nytte seg av vikarbyrå.
- UiB må bli ein apartheidfri sone.

Trivnad:

Fadderveka:

- Fadderstyra skal ha retningslinjer og policy for å forhindre seksuell trakassering under fadderveka. Dette skal også inngå i fadderkontraktar og -kursing.
- Vi vil sikre at studentane kjem seg trygt heim i fadderveka gjennom å oppretthalde faddervaktordninga, og sørge for eit utvida nattbusstilbod.
- Studenttorget skal bli lagt til som ein del av faddervekeprogrammet på alle studieretningane. Det skal leggjast opp til at studentane får nok tid til å bli kjent med organisasjonane.
- Fadderveka skal innehalde meir alkoholfrie aktivitetar, med fokus på meir inkludering.

Anna:

- Det må opprettast vassdispenserar ved alle Saman-kantinene, slik at studentane slepp å bruke vasken på toaletta for å fylle opp vassflaskene.
- Kaffi-, te- og varmvassmaskinar bør vere tilgjengeleg også utanom kantine sine opningstider.
- Salsautomatar for snacks og liknande bør vere tilgjengeleg på alle fakultet.
- UiB og Saman må ved oppussing av lokale ha eit større fokus på gjenbruk av møblar av god kvalitet.